



14 damer fann ei lokal løysing på KK mila i år.

KK mila er eit årleg gateløp i Oslo der du kan gå eller springa 10 km eller 5 km. Det er vekebladet Kvinner og Klær som frå 2010 har vore arrangør. Dei siste åra har det vore ein stor delegasjon damer frå Uskedalen og Kvinnherad som har reist med eigen buss for å delta. I år vart det annleis, men det stoppa ikkje damene. Frøydis Gjuvsland inviterte til ein lokal vri på KK mila med løypetraseen lagt til rundt Uskedalen.

Då det ikkje vart eit nasjonalt løp i Oslo, vart alle oppmoda om å finna ei lokal løysing. Frøydis tok initiativet og heile 14 damer gjennomførte løpet i går på ettermiddagen. Det var valfritt om ein ville gå eller jogga. Nokon sprang 10 km, andre 5 km. Ein runde rundt dalen er rekna til 5 km.

Her er namnet på årets deltakarar på KK mila i Uskedalen:

- Anne Grete Sjo
- Anne Guri Kildal
- Gorete Myklebust
- Helene Bjørnebøle
- Janne Hjelmeland
- Janne Yri
- Rita Gjuvsland
- Vigdis Haugland
- Line Soltveit
- Anita Simensen
- Anne Kristin Bondhus
- Ann Kristin Musland
- Frøydis Gjuvsland

- Sara Arnesen

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Anne Grete Sjø